

Møteprotokoll

Utval:	Styret for Fagskolen i Hordaland
Møtestad:	Nettmøte Zoom / Haugeveien 28, Nordnes
Dato:	18.03.2021
Tid:	09:00 – 10:30

Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Emil Gadolin	Leiar	Eigar (A)
Marianne Sæhle	Nestleiar	Eigar (SV)
Rosalind Fosse	Medlem	Eigar (FRP)
Bård Sandal	Medlem	Eigar (Adm.)
Anne Mette Koch	Medlem	Arbeidsliv
Trond Sanne Haga	Medlem	Arbeidsliv
Birgitte Svanevik	Medlem	Arbeidsliv
Sjur Inge veim	Medlem	Tilsette
Tom Alexander Østensen	Medlem	Studentane

Merknader

Utan merknader

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Rektor
Adeline B. Landro	Sekretariat
Christine Sommer	Styresekretær
Bjørn Lyngedal	Fylkesdirektør Opplæring og kompetanse

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 03/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2020/1479	
GK 04/21	Godkjenning av møteprotokoll frå 28.01.2021	2020/1479	
Referatsaker			
RS 02/21	Politisk bestilling - eigarstyring av fagskulen i Vestland	2020/1479	
Vedtaksaker			
VS 04/21	Melde endring av undervisningsform til NOKUT	2020/1479	
VS 05/21	Løyve til å søkje og starte tilbod gjennom industrifagskulen	2020/1479	
VS 06/21	Budsjett 2021 og årsrekneskap 2020	2020/1479	

GK 03/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland – 18.03.2021

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

GK 04/21 Godkjenning av møteprotokoll frå 28.01.2021

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland – 18.03.2021

Møteprotokoll vart godkjent utan merknader.

Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 18.03.2021

Styret tok referatsakene til orientering.

Munnleg orientering

Covid-19

Skulen har opna opp på Nordnes og Nygård for dagklassane. Austevoll har normal undervisning. I Ulvik er det opna for unntak for nettsamling i høve til Arboristane. Etter påske vert det vurdert hybrid undervisning for nettstudentane. Fleire er i arbeidet der arbeidsgjevar ikkje ønskjer at studentane reiser eller deltek fysisk på undervisning.

I veke 14 etter påske er det full undervisning på nett, fordi smittesituasjonen kan vere uklar etter ei ferie.

Eksamen vert tilpassa situasjonen vi er i. Trekkeksamen vert gjennomført digitalt for dei som skal ha det. Ved dei maritime utdanningane følgjer vi råd frå S.Dir.

Fagskulen har fått kr 520 000,- frå staten til å lønne studentar som skal hjelpe andre studentar i høve til fagleg oppfølging. Ønskjer å lyse ut stillingane før påske.

Spørsmål om fråfall blant studentane og om det er auke i talet på sjukemeldingar på skulen i samband med slitasjen knytt til Covid-19. Skulen ser ikkje at det er eit større fråfall no. I høve til sjukemeldingar så har denne vore låg no. Det kan vere fordi mange sit på heimekontor, og terskelen for å melde seg sjuk vert høgare. Det er positivt no at ein opnar skulen meir, det hjelper på humøret.

Samanslåing

Det er etablert fire delprosjekt som skal handtere samanslåinga. Dei tillitsvalde ved begge skulane deltek i delprosjekta. Prosjektstyret fekk sak om organisering av samanslåinga til handsaming 26.02.2021 og vedtok også at skulane skulle starte arbeidet med å lage ein strategi. Vidare er det sett opp ein plan for ei rekkje med informasjonsmøte med dei tilsette, og prosjektrektor vil reise rundt på dei ulike studiestadene i samband med dette.

Fagområdeakkreditering

Fagskulen har søkt fagområdeakkreditering og NOKUT ska gjennomføre digitalt institusjonsbesøk 24. og 25. mars. Det er venta svar før sumaren 2021.

Vedtakssaker

VS 04/21 Melde endring av undervisningsform til NOKUT

Forslag til vedtak

1. Styret vedtek at fagskulen kan søkje NOKUT om endring av undervisningsform for dei 7 bransjemodulane som er utvikla for industrien til reine nettbaserte tilbod i tillegg til allereie akkreditert undervisningsform.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 18.03.2021

Røysting:

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret vedtek at fagskulen kan søkje NOKUT om endring av undervisningsform for dei 7 bransjemodulane som er utvikla for industrien til reine nettbaserte tilbod i tillegg til allereie akkreditert undervisningsform.

VS 05/21 Løyve til å søkje og starte tilbod gjennom industrifagskulen

Forslag til vedtak

1. Fagskulen kan søkje om tilskot gjennom ordninga «Industrifagskulen» for inntil 3 bransjemodular med 40 studentar til kvar modul.
2. Tilboda skal gjennomførast som nettbaserte dersom slik akkreditering er gitt av NOKUT innan oppstart.
3. Styreleiar vert gjeve mynde til å avgjere kva tilbod det skal søkjast midlar til i samråd med rektor.
4. Rektor vert gjeve mynde til å starte opp finansierte tilboda dersom det er minimum 30 kvalifiserte søkjarar til den einskilde modul.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 18.03.2021

Representanten Haga sette fram følgjande forslag til nytt vedtak:

- «1. Fagskulen kan søkje om tilskot gjennom ordninga «Industrifagskulen».
2. Tilboda kan gjennomførast som nettbaserte dersom slik akkreditering er gitt av NOKUT innan oppstart.
3. Styreleiar vert gjeve mynde til å avgjere kva tilbod det skal søkjast midlar til i samråd med rektor.
4. Rektor vert gjeve mynde til å starte opp finansierte tilbod dersom tilskotet dekkjer kostnader til kursgjennomføring og administrasjon.»

Representanten Gadolin sette fram følgjande forslag til nytt vedtak:

- «1. Fagskulen kan søkje om tilskot gjennom ordninga «Industrifagskulen» innan for dei økonomiske rammene som er gjort greie for i saka.
2. Tilboda kan gjennomførast som nettbaserte dersom slik akkreditering er gitt av NOKUT innan oppstart.
3. Styreleiar vert gjeve mynde til å avgjere kva tilbod det skal søkjast midlar til i samråd med rektor.
4. Rektor vert gjeve mynde til å starte opp finansierte tilbod dersom tilskotet dekkjer kostnader til kursgjennomføring og administrasjon.»

Røysting

Administrasjonen sitt forslag til vedtak fekk ingen røyster og fall.

Haga sitt forslag til vedtak fekk ingen røyster og fall.

Gadolin sitt forslag til vedtak fekk 9 røyster og vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fagskulen kan søkje om tilskot gjennom ordninga «Industrifagskulen» innan for dei økonomiske rammene som er gjort greie for i saka.
2. Tilboda kan gjennomførast som nettbaserte dersom slik akkreditering er gitt av NOKUT innan oppstart.
3. Styreleiar vert gjeve mynde til å avgjere kva tilbod det skal søkjast midlar til i samråd med rektor.

4. Rektor vert gjeve mynde til å starte opp finansierte tilbod dersom tilskotet dekker kostnader til kursgjennomføring og administrasjon.

VS 06/21 Budsjet 2021 og årsrekneskap 2020

Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskolen i Hordaland vedtek slikt budsjett for fagskolen i 2021:

Løn og andre kostnader	kr 127 788 819,00
Underskot frå 2020	kr 4 060 352,00
SUM	kr 131 849 171,00
<hr/>	
Statstilskot	kr 103 723 334,00
Inntekter frå oppdragsverksemd	kr 1 500 000,00
Prosjektmidlar frå 2020	kr 13 116 619,00
Studieavgift	kr 1 600 000,00
VLFK	kr 11 909 218,00
SUM	kr 131 849 171,00

2. Årsrekneskap for 2020 vert teke til orientering.

Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 18.03.2021

Røysting

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Styret for Fagskolen i Hordaland vedtek slikt budsjett for fagskolen i 2021:

Løn og andre kostnader	kr 127 788 819,00
Underskot frå 2020	kr 4 060 352,00
SUM	kr 131 849 171,00
<hr/>	
Statstilskot	kr 103 723 334,00
Inntekter frå oppdragsverksemd	kr 1 500 000,00

Prosjektmidlar frå 2020	kr	13 116 619,00
Studieavgift	kr	1 600 000,00
VLFK	kr	11 909 218,00
SUM	kr	131 849 171,00

2. Årsrekneskap for 2020 vert teke til orientering.